# ÅRSMELDING 2014

## SYKKYLVEN KYRKJELEGE FELLESRÅD





*Foto: Hallvard Sandvik*

**Ikornnes og Sykkylven kyrkjer**

## 1. Innleiing

Kyrkja sin organisasjonsstruktur skal sikre at kyrkjas medlemmar opplever at kyrkja er til stades i sorg, i kvardag og fest. Medlemmene skal kunne feire gudsteneste, delta i kyrkjelege handlingar, oppleve diakoni, trusopplæring, kultur og kyrkjelege fellesskap i sitt eige lokalmiljø. Organisasjonsstrukturen skal også sikre at medlemmane har innverknad på si eiga kyrkje. Organisatorisk skjer dette ved at nokre av medlemmane er demokratisk velde til dei styrande organa; sokneråda og kyrkjeleg fellesråd. Vidare så vel sokneråda medlemmar til ulike grupper/nemnder/utval som f.eks. trusopplæringsutval, utsmykkingsnemnd og prosjektgrupper.

I Sykkylven kommune har vi 2 sokn med kvart sitt sokneråd. Ikornnes sokn har i underkant av 1400 registrerte medlemmar og Sykkylven sokn har i underkant av 5200 registrerte medlemmar.

Sykkylven kyrkjelege fellesråd (SKF) tek hand om visse definerte oppgåver på vegne av sokna og Sykkylven kommunen. Dette er lovfesta i kyrkjelova §14»hovudparagraf». SKF er i tillegg forplikta til føremålsparagrafane ein finn i §1 og §28.

Ansvaret til SKF er:

- administrative og økonomiske oppgåver på vegner av sokna
- å utarbeide mål og planar for den kyrkjelege verksemda i kommunen
- å fremje samarbeid mellom kyrkjelydane
- å ta hand om interessene til sokna i høve til kommunen.

Slik blir SKF eit strategisk samhandlingsorgan, både for sokna seg imellom og for kontakten mellom sokna og kommunen.

Dei viktigaste oppgåvene til SKF er:

- bygging, drift og vedlikehald av kyrkjer, kyrkjegard og kyrkjeinventar
- å skaffe og drive kyrkjekontor (inklusive prestekontor)
- å skaffe lokale, utstyr og materiell til konfirmasjonsundervisninga – også tilrettelegging for konfirmantar med særskilde behov
- å ha arbeidsgjevaransvar for dei som er lønna over fellesrådsbudsjettet (opprette og legge ned stillingar, tilsetje og seie opp arbeidstakarar og ansvar for arbeidsmiljø)
- å forvalte felles økonomi (midlar/tilskot frå kommunen, midlar/tilskot frå staten til m.a. undervisning, diakoni og kyrkjemusikk, midlar som kyrkjelydane stiller til disposisjon eller overlét til fellesrådet, gåver/arv m.m. til kyrkjebygg, stillingar...)
- å sørgje for administrativ hjelp til prosten når staten stiller midlar til disposisjon

Sykkylven kyrkjelege fellesråd (SKF) er ei verksemd i bevegelse. Dette ved at vi tør å tenke nytt samtidig som vi vil og skal ta vare på dei gode tinga som er opparbeid gjennom mange år. Dette skjer gjennom godt samarbeid i stab, Fellesråd, Sokneråd og dei mange ulønna/frivillige medarbeidarane.
Vi gler oss over alle gode og positive tilbakemeldingar vi stadig får frå både innbyggjarar i Sykkylven og tilreisande. Vi set også pris på konstruktive tilbakemeldingar som kan gjere oss betre.

## 2. Fellesrådets samansetning

**Medlemar:**
Frå Ikornnes sokneråd:
Karl Johan Gjævenes (nestleiar)
Trygve Ebbesvik
Vara:
Frå Sykkylven sokneråd:
Torbjørn Støylen (leiar)
Svein Erik Kampenes
Vara: Ilyas Degirmenci
Sokneprest:
Helge Standal
Vara: Erlend Lunde
Kommunal representant:
Olav Harald Ulstein
Vara: Odd Arne Eidem

**Medlemar i administrasjonsutvalet.**
Torbjørn Støylen
Karl Johan Gjævenes
Helge Standal
Frå dei tilsette:
Rose Iren Stave og Erlend Lunde
Arild Sporsheim (kyrkjeverje/dagleg leiar)

## 3. Eit utdrag av sentrale saker i 2014

**F-sak 2/14 Fastsetting av rekneskapet for 2013**
Kyrkjeverjen orienterte om saka.
Rekneskapet blir no sendt til revisor for gjennomgang/revisjon og revisjonsmeldinga blir framlagt på neste møte.

Vedtak:
Sykkylven kyrkjelege fellesråd tek det til vitande.
Resultatet er kr. 6 934 i ubrukte midlar inklusive dekking av tidlegare års uinndekka meirforbruke på kr. 51 233,-. Dei ubrukte midlane blir avsett til disposisjonsfond. Hovedårsaka til det svakt positive resultatet er dei reduserte lønnsutgiftane som følgje av redusert bemanning i 2013.
*Vedtaket var einstemmig, 4 røyster for.*

**F-sak 3/14 Revidert budsjett 2014**
Kyrkjeverjen orienterte om saka.

Vedtak:
Sykkylven kyrkjelege fellesråd vedtok budsjettet som framlagt, med til saman kr. 87 000,- i meirforbruk dersom Sykkylven kommunestyre vedtar rådmannens forslag om eit kutt i tilskotet på 3,97% (kr. 150 000,-).
SKF viser til stram budsjettdisiplin og at budsjettgjennomgang blir fast sak på alle møter i 2014.
*Vedtaket var einstemmig, 4 røyster for.*

**F-sak 5/14 Podie framme i kyrkjerommet, Sykkylven kyrkje**

Vedtak:

Sykkylven kyrkjelege fellesråd er samd med Sykkylven sokneråd om å søke Møre bispedømmeråd v/biskop om løyve til å iverksette dette forsøksprosjektet. SKF ser fordelar med tanke på dagens slitasje med stadige opp- og nedriggingar av scene-modular og anna utstyr, samt slitasjane ved demontering av alterringen og flytting av kyrkjebenkar. Med eit slik podie vil slitasjen på golv, dørstokkar og inventar bli merkbart redusert.

*Vedtaket var einstemmig, 4 røyster for.*

**F-sak 13/14 Vegføring forbi Sykkylven kyrkje**

Kyrkjeverjen orienterte om eit brev frå Advokat Kjetil Kvammen på vegne av Lars Otto Aure. Brevet viser til at forlikssaka mellom Sykkylven kommune og Lars Otto Aure om stenging av vegen forbi Sykkylven kyrkje og Piltunet – Lars Otto Aure er avslutta utan løysing. Klienten er difor innstilt på å krevje rettsleg avklaring og Sykkylven kyrkjelege fellesråd blir spurt om å være partshjelp eller på annan måte støtter opp om kravet om stenging av vegen utfrå dei auka behova som gradvis har kome i løpet av tida som har gått.

Vedtak:

SKF støttar synspunkta i brevet om at vegen må stengast, men ynskjer ein nærare dialog om kva rolle vi bør/kan ha i saka. Kyrkjeverjen tar kontakt med Advokat Kjetil Kvammen for ei nærare avklaring.

*Vedtaket var einstemmig, 5 røyster for.*

**F-sak 14/14 10% kyrkjetenar**

Kyrkjetenar Aleksander Ekornes har sagt opp si stilling som kyrkjetenar i 10% stilling.

Vedtak:

Fellesrådet vel å avvente utlysing etter ny 10% kyrkjetenar for å sjå på moglege løysingar ved bruk av frivillige/ulønna kyrkjetenarar.

*Vedtaket var einstemmig, 5 røyster for*

**F-sak 18/14 Søknad om kommunal ramme til drift administrasjon, kyrkjer og kyrkjegard 2015**

Kyrkjeverjen orienterte om KOSTRA-tala som m.a. syner at Sykkylven kommune gav eit rammetilskot i 2013 på heile kr. 161,- pr. innbyggar lågare enn gjennomsnittet for Møre og Romsdal.

Vedtak:

SKF vedtok å søke om same ramme som for 2014 (kr. 4 010 000,-) med tillegg på 4% for lønns- og prisvekst 2014. For 2015 søker vi difor om kr. 4 170 400,- i kommunalt rammetilskot.

Fordelt slik:

- kr. 150 000,- til 25% løn ungdomsdiakon.
- kr. 3 216 320,- til drift kyrkjer og kyrkjekontor. (fordelt 65/35)
- kr. 804 080,- til drift kyrkjegard. (20% av ramma)

*Vedtaket var einstemmig, 4 røyster for.*

## 4. Dei tilsette

Lønna av kommunale midlar:

| | |
|---|---|
| Arild Sporsheim | - Kyrkjeverje i 100% stilling. |
| Rose Iren Stave | - Kantor i 100% stilling. |
| Elise Ullavik | - Kontorsekretær i 55% stilling. |
| Runar Bårnes | - Driftsleiar/kyrkjetenar/kyrkjegardsmedarbeidar i 50%/25%/25% stilling. |
| Ståle Tilrem | - Reinhaldar i 40% stilling. |
| Trine Ramnefjell | - Organist i 20 % stilling. |

Lønna av sokneråda (innsamla midlar og statlege trusopplæringsmidlar):

| | |
|---|---|
| Gunvor Aarseth Dirdal | - Ungdomsdiakon i 80% stilling *(kommunen bidreg med 25% stilling).* |
| Ingrid Fredly | - Trusopplæringskoordinator i 80% stilling. |

Utan lønn (med arbeidsavtale):

| | |
|---|---|
| Torbjørn Støylen | - Ulønna medarbeidar i 18% stilling |

Likestilling: 5 kvinner og 4 menn

----

Tilsette i Møre bispedømme: (ikkje tilsette hjå SKF, men har tenestestad i Sykkylven og Ikornnes)
Helge Standal, sokneprest i Sykkylven sokn
Erlend Lunde, sokneprest i Ikornnes sokn

## 5. Kyrkjene

Kyrkjelege handlingar (samla):

- 101 gudstenester
- 76 døypte og 115 konfirmerte
- 13 vigslar
- 62 gravferdar (med kyrkjeleg seremoni)

Av vedlikehaldsmessig arbeid og investeringar (for å nemne dei største tinga):

- Nye trådlause talemikrofonar i begge kyrkjene (grunna krav om byte av frekvens)
- Breiband inkl. EL-arbeid i begge kyrkjene (Ikornnes kyrkje manglar intern tilkopling)
- Større reperasjon av ventilasjonsanlegget på kyrkjekontoret
- Naudlys i Ikornnes kyrkje
- Ny belysning i ventilasjonsrom/teknisk rom, Sykkylven kyrkje
- Reperasjon av tak og takstige, Sykkylven kyrkje
- Beplanting i rundkøyringa og ekstra arbeid ved klokketårnet, Sykkylven kyrkje
  (til dette mottok vi også kr. 50 000,- i støtte frå Sykkylven Rotary og Gjensidige)

2014 var også prega av ein del soknerådsfinansierte investeringar/prosjekt ved bruk av fondsmidlar. Investeringar på om lag kr. 350 000,- som gjekk til:

- Krossutsmykking av Ikornnes kyrkje
- Automatiske døropnarar i begge kyrkjene, inkl. kyrkjekontoret
- Endring av frontpartiet i Sykkylven kyrkje (podium)
- Trinn 1 av nytt tale- og songanlegg i Sykkylven kyrkje

## 6. Sykkylven kyrkjegard

Det var totalt 62 gravferdar i 2014.

Vi mottar stadig tilbakemeldingar om at publikum opplever Sykkylven kyrkjegard som ein fin og velstelt gravplass. Dette gjer oss stolte, men det gir oss også bevisste for å forsette eit systematisk og grundig arbeid med fokus på kvalitet.

Av større prosjekt framover har vi m.a. behov for heving og drenering av felt A, felling og planting av trær mot aust, beplantning mot Aureelva og støyskjerming mot riksvegen.
Sykkylven kyrkjelege fellesråd har i 2014 gjennomført møter med Sykkylven kommune v/rådmann May-Helen Molvær Grimstad for å belyse det økonomiske grunnlaget og behovet for ei forsvarleg og god forvaltning av Sykkylven kyrkjegard framover.

## 8. Økonomi

Rekneskapet for Sykkylven kyrkjelege fellesråd (SKF) er inndelt i 4 avdelingar:
Avd. 41: Administrasjon (kyrkjekontor, lønn administrative stillingar)
Avd. 42: Kyrkjer (drift av kyrkjene og lønn kantor, organist, kyrkjetenarar, reinhaldar)
Avd. 43: Kyrkjegard (graving, stell, lønn kyrkjegardsmedarbeidar og administrasjon)
Avd. 44: Anna kyrkjeleg verksemd (barne-/ungdoms-/kyrkjelydsarbeid i begge sokna, lønn trusopplæringsmedarbeidarar).
Avd. 44 blir avslutta mot ulike kyrkjelydsfond og mot soknerådsrekneskapa.

Resultatet for 2014 (avd. 41-43) endte opp med eit meirforbruk på kr. 119 046,- etter at disposisjonsfondet på kr. 6 934,- er trekt frå. Dette meirforbruket blir ståande som rekneskapsmessig underskot og skal nedbetalast i løpet av år 2015 og år 2016.

Totalkapitalen pr. 31.12. 2014 utgjer kr. 5 439 602,- mot kr. 6 138 398,- pr. 31.12. 2013.
Av dette utgjer bundne driftsfond pr. 31.12. 2014 kr. 3 012 664,-. Bundne driftsfond tilhøyrer sokneråda (avd. 44), ikkje fellesrådsdrifta (avd. 41-43).
Anna kyrkjelege verksemd (avd. 44) viser eit netto forbruk av fond på kr. 364 891,- etter avsetning til fond på kr. 138 889,- og bruk av fond på kr. 503 780,-.

Etter SKF si oppfatning gir årsrekneskapen for 2014 eit rettvisande bilete av aktiviteten i året og stillinga ved årsskiftet. Årsrekneskapen for 2014 er sett opp under føresetnad om vidare aktivitet.

Vedlegg: 1. Balanseoppstilling – Vedlegg 3
2. Noter til rekneskapet

For Sykkylven kyrkjelege fellesråd, 21.04.2015

SYKKYLVEN KYRKJELEGE FELLESRÅD Postboks 161 6239 Sykkylven

Torbjørn Støylen
*Fellesrådsleiar*

Arild Sporsheim
*Kyrkjeverje / Dagleg leiar*

**Fellesrådssamansetning**

| | | |
|---|---|---|
| Torbjørn Støylen | – fellesrådsleiar | (frå Sykkylven sokneråd) |
| Karl Johan Gjævenes | – nestleiar | (frå Ikornnes sokneråd) |
| Olav Harald Ulstein | – styremedlem | (kommunal representant) |
| Helge Standal | – styremedlem | (presterepresentant) |
| Trygve Ebbesvik | – styremedlem | (frå Ikornnes sokneråd) |
| Svein Erik Kampenes | – styremedlem | (frå Sykkylven sokneråd) |
| Arild Sporsheim | – kyrkjeverje/dagleg leiar | |

| | | |
|---|---|---|
| Ilyas Degirmenci | – varamedlem | (frå Sykkylven sokneråd) |
| | – varamedlem | (frå Ikornnes sokneråd) |
| Erlend Lunde | – varamedlem | (for presterepresentant) |
| Odd Arne Eidem | – varamedlem | (for kommunal representant) |

# Balanseoppstilling - Vedlegg 3

## Sykkylven kyrkjelege fellesråd



| Periode 0-12 | 2014 | 2013 |
|---|---|---|
| 25600005 - Disposisjonsfond | | -6 934 |
| **Sum Disposisjonsfond** | | **-6 934** |
| 25140000 - Avsett Sykkylven kyrkje | -108 877 | -274 214 |
| 25140001 - Avsett Ikornnes kyrkje | -13 897 | -120 413 |
| 25191000 - Fond: Gåver/offer uspesifisert Sykkylven | -175 763 | -400 412 |
| 25192000 - Gåvemidlar til altersølv og tekstilar | -85 243 | -85 243 |
| 25250000 - Avsett til musikkarbeidet | -64 184 | -58 338 |
| 25282000 - Avsett til trusopplæringsarbeidet | -2 078 933 | -1 945 890 |
| 25283000 - Avsett til vedlikehald orgel | -28 703 | -28 703 |
| 25284000 - Avsett til utsmykking kyrkjerom | -277 429 | -277 429 |
| 25285000 - Avsett til underetg/kyrkjestove | -156 540 | -156 540 |
| 25285200 - Avsett til stabsutvikling | -23 097 | -30 374 |
| **Sum Bundne driftsfond** | **-3 012 665** | **-3 377 554** |
| **Sum Ubundne investeringsfond** | | |
| **Sum Bundne Investeringsfond** | | |
| **Sum Regnskapsmessig mindreforbruk** | | |
| 25900001 - Udekka underskot | 119 046 | |
| **Sum Regnskapsmessig merforbruk** | **119 046** | |
| **Sum Likviditetsreserve** | | |
| 25990000 - KAPITALKONTO | -142 944 | -138 731 |
| **Sum Kapitalkonto** | **-142 944** | **-138 731** |
| **Sum EGENKAPITAL** | **-3 036 563** | **-3 523 219** |

**GJELD**

**Langsiktig Gjeld**

| | | |
|---|---|---|
| **Sum Ihendehaverobligasjonslån** | | |
| **Sum Sertifikatlån** | | |
| **Sum Andre lån** | | |
| **Sum Langsiktig Gjeld** | | |

**Kortsiktig gjeld**

**Sum Kassekredittlån**

SYKKYLVEN KYRKJELEGE FELLESRÅD
Postboks 161
6239 Sykkylven

# Balanseoppstilling - Vedlegg 3



| Periode 0-12 | 2014 | 2013 |
|---|---|---|
| 23210421 - Påleggstrekk | -50 | 3 169 |
| 23214003 - Oppgjørskonto mva. | -23 296 | -24 459 |
| 23290904 - SKYLDIG PENSJONSTREKK | | 1 204 |
| 23290907 - SKYLDIG ARBEIDSGIVERAVGIFT | -133 323 | -81 372 |
| 23290908 - SKYLDIG FERIEPENGER | -259 788 | -254 345 |
| 23290909 - AVSATT ARB.GIVER AVG. FERIEP. | -36 630 | -35 863 |
| 23299001 - Interimskonto Direkteremitering | -343 | |
| 23299006 - Samlekonto Kreditorer | -178 775 | -135 232 |
| 23299007 - Skuldig Sykkylven sokn | -96 386 | -122 160 |
| 23299008 - Skuldig Ikornnes sokneråd | | -267 316 |
| 23299009 - Trekk kompetanseformål | -2 312 | -2 312 |
| 23299100 - Avsatt midlar til gravlegat / gravfond | -1 588 715 | -1 593 405 |
| 23314001 - Forskuddstrekk | -83 420 | -103 088 |
| **Sum Annen kortsiktig gjeld** | **-2 403 038** | **-2 615 179** |
| **Sum Kortsiktig gjeld** | **-2 403 038** | **-2 615 179** |
| **Sum GJELD** | **-2 403 038** | **-2 615 179** |
| **Sum EGENKAPITAL OG GJELD** | **-5 439 602** | **-6 138 398** |
| **MEMORIAKONTO** | | |
| **Sum Ubrukte lånemidler** | | |
| **Sum Andre memoriakonti** | | |
| **Sum Motkonto for memoriakontiene** | | |
| **Sum MEMORIAKONTO** | | |
| **Sum BALANSE** | | |

TS , JS

# Balanseoppstilling - Vedlegg 3

## Sykkylven kyrkjelege fellesråd



| Periode 0-12 | 2014 | 2013 |
|---|---|---|
| **EIENDELER** | | |
| **Anleggsmidler** | | |
| 22700001 - Sykkylven kyrkje | 1 | 1 |
| 22700002 - Ikornes kyrkje | 1 | 1 |
| 22700003 - Sykkylven kyrkjegard | 1 | 1 |
| **Sum Faste eiendommer og anlegg** | **3** | **3** |
| **Sum Utstyr,maskiner og transportmidler** | | |
| **Sum Utlån** | | |
| 22100001 - Aksjer og andeler | 142 944 | 138 731 |
| **Sum Aksjer og andeler** | **142 944** | **138 731** |
| **Sum Anleggsmidler** | **142 947** | **138 734** |
| **Omløpsmidler** | | |
| 21310040 - Momskompensasjon | 512 447 | 534 038 |
| 21319900 - Pensjonstrekk | | |
| 21375002 - Samlekonto Debitorer | 120 705 | 92 410 |
| 21375003 - Tilgode Sykkylven kommune | 63 318 | 63 318 |
| 21375004 - Tilgode frå Sykkylven sokn | 25 792 | |
| 21375008 - Tilgode frå Ikornes sokneråd | 8 920 | |
| 21375009 - Tilgode frå NAV | | 12 000 |
| **Sum Kortsiktige fordringer** | **731 182** | **701 766** |
| 21899001 - Forskudd til ansatte | 17 081 | 41 630 |
| **Sum Aksjer og andeler** | **17 081** | **41 630** |
| **Sum Sertifikater** | | |
| **Sum Obligasjoner** | | |
| 21000001 - KASSE | 1 828 | |
| 21020001 - BANK - (banknummer) | 372 820 | 632 973 |
| 21020002 - Fondskonto | 2 501 609 | 2 926 803 |
| 21020005 - Konto for gravfond | 1 588 715 | 1 593 405 |
| 21098001 - Skattetrekk | 83 420 | 103 088 |
| **Sum Kasse postgiro bankinnskudd** | **4 548 392** | **5 256 268** |
| **Sum Omløpsmidler** | **5 296 655** | **5 999 664** |
| **Sum EIENDELER** | **5 439 602** | **6 138 398** |

EGENKAPITAL

15, JS

**DEN NORSKE KYRKJA**
**Sykkylven kyrkjelege fellesråd**

6230 Sykkylven
Tlf:70246900

# Noter til rekneskap for Sykkylven kyrkjelege fellesråd 2014

## Note 1:
### Rekneskapsprinsipp og vurderingsreglar

Fellesrådet sin rekneskap er ført i samsvar med Forskrift om økonomiforvaltning fastsett av kultur- og kyrkjedepartementet 25. september 2003 og God kommunal regnskapsskikk. Dei kommunale rekneskapsprinsippa betyr blant anna at inntekter og utgifter er ført etter bruttoprinsipp og utgifter/inntekter er ført etter det såkalla anordningsprisnippet som betyr at alle kjente inntekter og utgifter blir tatt med i drifts- eller investeringsrekneskapen. I balanserekneskapen er omløpsmidlar vurdert etter lågaste verdi prinsippet. Anleggsmidlar er vurdert til anskaffelseskost. Anleggsmidlar som har avgrensa økonomisk levetid blir avskrive med like store årlege beløp over anleggmiddelet si levetid.

## Note 2:
### Kommunalt tilskot

Drift:

Kommunen sitt tilskot til fellesrådet si drift er kr. 3.629.000. Dette tilskotet skal dekke drift av administrasjon og drift av den lokale kyrkja og kyrkjegarden.

Investering:

Fellesrådet har også i 2014 fått kr. 300.000 til investeringar, men dette er ført i driftsrekneskapen under ekstra tilskot frå kommunen. Dette er brukt til diverse utstyr i kyrkjene.

## Note 3:
### Løn og personalutgifter

| Består av følgjande postar: | 2013 | 2014 |
|---|---|---|
| Løn og honorar | 2 349 987 | 2 405 921 |
| Folketrygdavgift | 368 713 | 415 317 |
| Pensjonsutgifter | 281 302 | 553 213 |
| Andre lønsutgifter | 46 402 | 9 408 |
| Sum løns- og personalutgifter | 3 046 404 | 3 383 859 |
| Gjennomsnittleg antal tilsette | 9 | 8 |
| som utfører gjennomsnittlig årsverk | 5,85 | 5,75 |

1,35 årsverk blir finansiert av statleg tilskot og innsamla midlar.

Løn til dagleg leiar: Kr. 513.140
Godtgjersle til fellesrådet: Kr. 19.950
Refusjonar sjukepengar: kr. 22.484

**Revisor:**
Revisjonshonorar for 2014 utgjer kr. 21.500,- eks. mva.
Dette gjeld fellesrådet og dei to soknerāda.
Honorar for annan bistand kr. 12.500.

SYKKYLVEN KYRKJELEGE FELLESRÅD Postboks 161 6231 Sykkylven

## Note 4:
**Bunde midlar:**
I posten bankinnskot inngår bunde bankinnskot / skattetrekksmidlar med kr. 83.420,-.

**Note 5:**

**Pensjon:**

Sykkylven kyrkjelege fellesråd har gjennom KA inngått tariff-regulerte pensjonsavtalar med KLP. Pensjonsutgiftene blir betalt og rekneskapsført som utgifter på det året pensjonen er opptent. Arbeidsgjevars del av premie er kr. 553.213,- . Tilsette betaler 2% av premien.
Av premien i 2013 er reguleringspremien på kr. 277.306.
Brutto påløpt pensjonsforplikting er kr. 7.183.737
Pensjonsmidlar utgjer kr. 5 746 992

Pensjonsforpliktingar og pensjonsmidlar er ikkje balanseført.

**Note 6:**

**Anleggsmidlar:**

**Varige driftsmidler:**

| - | Utstyr/Inventar 5 år | Maskin,Trspm. 10 år | Kyrkjer 80 år | Kyrkjegardar | **SUM 2014** |
|---|---|---|---|---|---|
| Anskaffelseskost 1/1 | - | | | | |
| Tilgang | | | | | |
| Avgang | | | | | - |
| Anskaffelseskost 31/12 | - | | | | |
| | | | | | |
| Akkumulerte avskrivingar 31/12 | - | | | | |
| Balanseført verdi pr. 31/12 | - | | 3 | | |
| Årets avskrivingar | - | | | | |

Anskaffelseskost for kyrkjer er førebels ikkje utrekna.

**Note 7:**

**Avsetningar og bruk av avsetningar**

| | Disposisjons Fond | Bunde driftsfond | Ubunde Inv.fond | Bunde Inv.fond | **SUM: 2014** | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Saldo pr 01.01: | | 3 377 555 | | - | **3 377 555** | |
| Avsetningar | | 138 889 | | - | **138 889** | |
| Bruk av avsetningar | 6 934 | 503 780 | | - | **503 780** | |
| **Saldo pr 31.12:** | **0** | **3 012 664** | | **-** | **3 012 664** | |

Jfr. fyldig oversikt bruk/avsetjing.

**Note 8:**

**Kapitalkontoen:**

| | Debet | Kredit |
|---|---|---|
| **INNGÅANDE BALANSE pr 01.01** | | **138 731** |
| Aktivering av fast eigedom og anlegg | | |
| Avskrivingar av fast eigedom og anlegg | | |
| Avskrivingar av utstyr, maskiner og transp.m. | | |
| Eigenkapitalinnskudd KLP | | 4 213 |
| Nye lån | 0 | |
| Avdrag på lån | | 0 |
| **UTGÅANDE BALANSE, pr 31.12** | **142 944** | |
| | 142 944 | 142 944 |

Sykkylven 19.02.15

Arild Sporsheim
Kyrkjeverje

SYKKYLVEN KYRKJELEGE FELLESRÅD
Rostocks 151
6239 Sykkylven